



**DET KONGELEGE
LANDBRUKS- OG MATDEPARTEMENT**

Sveio kommune
Att: Kristian Birkeland
Postboks 40
5559 SVEIO

Dykkar ref

Vår ref
200700591-/SLO

Dato
23.08.2007

Svar på søknad om tilskot til utviklingsprosjekt - Kvalitet og samspel

Vi syner til søknad om tilskot til utviklingsprosjektet "Kvalitet og samspel- Heilskapstenking og nye samarbeidsformer i førstelinjetenesta" oversendt av Fylkesmannen i Hordaland 15.juni d.å.

Landbruks- og matdepartementet tildeler med dette 150 000 kr til prosjektet over kap 1144 ressursforvaltning og miljøtiltak i landbruket, post 77 Miljøretta prosjektarbeid.

Landbruks- og matdepartementet ynskjer å stimulere til arbeidsmetodar og kompetansehevande tiltak som kan fremje lokal verdiskaping knytt til landbruksbasert næringsutvikling. I brev til fylkesmannsembeta i vår oppmoda departementet difor om søknader knytt til regionale utviklingsprosjekt. Med regionale utviklingsprosjekt er det meint prosjekt der kommunen ynskjer å prøve ut nye metodar eller tiltak, samt prosjekt relatert til regional utvikling/ næringsutvikling i regi av Fylkesmannen.

Føremålet med prosjektet "Kvalitet og samspel- Heilskapstenking og nye samarbeidsformer i førstelinjetenesta", er å arbeide for eit heilskapleg næringsssamarbeid, der landbruksretta verksemder er fullt ut integrerte i det lokale næringsutviklingsarbeidet. I Sveio er mykje av næringsaktivitetane knytt til landbruk, og det tradisjonelle landbruket er ein viktig næringsveg. Det er difor svært viktig for næringsutviklinga i kommunen at etablerarar med landbrukstilknytning får eit kompetent organ som har ressursar til rettleiing både i høve til tradisjonelt landbruk og for utvikling av tilleggsnæringar i tilknytning til landbruket.

Landbruks- og matdepartementet har som målsetjing at kommunane si rolle som

Postadresse
Postboks 8007 Dep
0030 Oslo

Kontoradresse
Akersgt. 59

Telefon
22 24 90 90
Org no.
972 417 874

Avdeling for forskning,
innovasjon og
regionalpolitikk
Telefaks
22 24 91 50

Sakshandsamar
Siri Lothe
22249217

samfunns- og næringsutviklarar vert styrka, og at landbruket vert ein integrert del av dette arbeidet. Departementet ser difor svært positivt på prosjektet i Sveio kommune. Tiltaket er også i tråd med arbeidet som er gjort i samband med prosjektet "kommunene som førstelinje for småskala næringsutvikling" i regi av LMD, KRK, KS og IN.


Landbruks- og matdepartementet ser også positivt på at både lokale og regionale aktørar er tenkt involvert i prosjektet, og føreset at dei erfaringane som vert hausta gjennom dette arbeidet har overføringsverdi til andre kommunar og regionar.

Ved misleghald av vilkåra i dette brevet eller ved å gje opp feil opplysningar vil tildelinga heilt eller delvis kunne bli trekt tilbake, og utbetalte midlar kravd tilbakeført. Det vert teke atterhald om åtgang for departementet og Riksrevisjonen til å setje i verk kontroll med opplysningane som er gjevne og at midlane vert nytta etter føresetnadane.

Løyvinga vert utbetalt etter at vi har motteke ei skriftleg utbetalingsoppmodning. 10 % av tilskotet kan haldast tilbake til det ligg føre rapport og revisorbekrefta rekneskap for bruken av midlane. Vi ber om at det vert rapportert på framdrifta i prosjektet innan 1.august 2008 til LMD, med kopi til Fylkesmannen i Hordaland.

Landbruks- og matdepartementet ynskjer lukke til med prosjektet!

Med helsing


Frøydis Vold
ekspedisjonssjef


Siri Lothe
førstekonsulent

Kopi:
Fylkesmannen i Hordaland
Riksrevisjonen